


BRATTVÅG ROTARYKLUBB

Medlemsbrev nr. 2, 2008/2009 Oktober, November, Desember President Thor Grønmyr



Redaksjonskomité: Rolf Doran, Bjørn Sandnes, Hjørdis Kristine Skaar, Thorleif Marken, Jostein Skjelten, Johan Mork, Ivar Fjørtoft

07.10.2008 – Medlemsutvikling

Fødselsdager:

Ivar Fjørtoft 7/10

Hjørdis Kristine Skaar 7/10

Thor opna møtet og gratulerte dagens to jubilantar, Hjørdis og Ivar, med dagen.

Presidenten ga etterpå eit lite referat frå styremøtet som hadde vore tidlegare på kvelden.

Det vart bestemt at vi skulle henge opp gåva som vi fekk frå Haram kommune til vårt 40 års jubileum i klubbenblokalet. Det vart vidare opplyst litt om økonomien inn mot turstien rundt

Synnalandsvatnet. Her legg vi opp til kronerulling på møta framover for å nå målet til klubben på 50.000kr. til dette prosjektet. Pr. i dag hadde vi kome opp i 39.000 kr..

Kveldens program var medlemsverving. Bente frå medlemsskumiteen hadde laga eit flott opplegg der vi først gjekk igjennom handboka med fokus på temaet medlemsverving. Etterpå vart vi delt inn i 5 grupper for å svare 10 spørsmål som Bente hadde laga på førehand. Etter litt gruppearbeid vart resultata framlagt og svara samla inn slik at komiteen kan bruke det i sitt vidare arbeid.

Ref: Bjørn S

14.10.2008 – Møtefri

17.10.2008 – Krabbefest

Thor opne møtet og ynskte alle velkomne, spesielt dei 15 gjestane frå fadderklubben vår, Ålesund Øst. Han ga ordet vidare til klubbmeister og kveldens møteleiar Magne Lundemo. Magne var som vanleg godt førebudd og med humøret på



topp. Etter ein allsang der Øyvind trakerte pianoet gjekk vi laus på kveldens måltid. Her var prima krabbe saman med reker og sjølvsagt ”nogo” attåt. Under måltidet gjekk praten rundt borda som seg hør og bør. Etter maten takka Steinar Nistad frå Ålesund for invitasjonen og håpte vi kunne stille med bra mannskap i mars når dei skal arrangere sin tradisjonelle torskeaften. Etter maten vart det krabbe-quiskonkurranse borda imellom. Artige spørsmål som sette oss litt på prøve, og mange kunne ganske mykje om vår gode ven som vi i løpet av kvelden hadde ete mange

eksemplar av.

Det vart også loddosal med mange fine gevinstar som vi hadde fått frå forskjellige sponsorar. Dette ga om lag 5000 kroner som skal gå til Rotary Foundation. Her var nokon som hadde ekstra lukke denne kvelden, dei fleste gevinstane hamna på eit bord der spesielt Anders forsynteseg godt. Vi strekte kvelden litt lengre enn vi vanlegvis har brukt å gjere. Det viste seg at tida gjekk unna, alle hadde det tilsynelatande veldig kjekt og praten gjekk livleg. Klubbmeister Magne gjorde ein framifrå jobb. Vi sit igjen med eit godt minne etter ein flott

karbbefest på alle måter. Stor takk til dykk som arrangerte festen !

Ref: Bjørn S

21.10.2008 – Bedriftsbesøk - Nogva Motorfabrikk

Dagleg leiar Kjell Norvoll tok imot oss i det nye inngangspartiet på bedrifta.


Det var godt frammøte med tilsaman 23 stk. denne kvelden.

stk. kraner med ein total kapasitet på 120 tonn. Her kunne dei ta båtane flytande inn i hallen, for så å krane dei opp på golvet for service.

Etter omvisninga samlast vi i kantina der vi fekk ein god gjennomgang i bedrifta si historie frå starten den 18 juni 1913 og fram til i dag. Bedrifta vart starta ute på Skuløy/Flemsøy av brørne Lars og Daniel. I 1953 flytta dei

propellanlegg. I tillegg har dei utvikla ein motorcomputar som dei har selt over 2000 eksemplar av. På motorsida har dei avtalar med fleire leverandørar. Dette er Nanni, John Deere og Scania. I marknadsføringa av produkta bruker dei Nogva-namnet, eksempelvis Nogva Nanni. Kjell fortalte også kor dei vektlegg å ha eit tilstrekkeleg lager for raskt og effektivt å løyse oppdrag som kjem frå kundane.

I tillegg til Søvik har bedrifta etablert seg med eiga avdeling i Svolvær (1978). Totalt arbeider vel 50 personar i bedrifta i dag. Etter 95 års drift har bedrifta til dags dato ikkje hatt permittingar. Omsetninga for 2008 vil bli på over 150 mill. kr. Vi fekk framifrå servering der menyen bsetod av god krabbe og



Kjell viste oss først rundt i dei nye lokalra som no snart er ferdige. Her er nye kontor, lager og ikkje minst ein høghall på 22 m høgde. Totalt nytt areal er på om lag 3000 m². Inne i den største hallen var det montert 4

verksemda til Søvik.

Motorproduksjonen, som var grunnlaget for bedrifta, vart avslutta i 1967. I dag leverer bedrifta meir pakkeløysingar som består av motor, gear og

reke med kaffe og bløtkake etterpå. Vi takkar for ein fin kveld i ei bedrift som har ei flott utvikling, og som har lokale eiggarar.

Ref: Bjørn S

28.10.2008 – Guvernørbesøk

Fødselsdager:

Johanne Alvestad 12/10

Rune Fjørtoft 19/10

Denne kvelden hadde vi besøk av



barnebøker som Rotary hadde samla inn på 4 dagar, og med dette også kome i Guinnies Rekordbok. Han presiserte kor viktig det er for oss å støtte Rotary Foundation. Alle pengane som vi samler inn her, går i si heilheit til gode formål, ingenting går til administrasjon. Oddbjørn nemte også at Bill Gates har blitt ein veldig stor bidragsyter til Rotary og våre program.

Kveldens viktigaste bodskap var slik eg oppfatta det dette med å skape gode oppvekstvilkår for born og ungdom, og her spørst det om ikkje vi kan finne eit eller anna som vi kan gjere i vårt eige lokalsamfunn.

Ref: Bjørn S

04.11.2008 – Rolv Rørhus: "Jeg møtte veggen"

Fødselsdager:

Øyvind Haugen 3/11

Eldar Sæterøy 4/11

Eit litt spesielt møteprogram denne kvelden - . Vår gode medlem Rolv Rørhus ga oss eit tankevekkande og svært personleg innsyn i ein dramatisk periode i livet sitt. Han opplevde ein sterk depresjon og har valgt å dele dess erfaringane

med oss og omverda. At han etter 25 år står fram, med årsak og virkning, av eit så personleg og dramatisk kapitel i livet, i erkjennelse av at dette er erfaringer

som andre bør kjenne til og lære av, tener han til ære - . Og det ikkje minst fordi problemet nok er vanlegare enn ein vil tru, og fordi dei fleste som opplever noko tilsvarande gjerne prøver å skjule problemet, og fordi det i sin tur kan få svært dramatiske konsekvenser for den det gjeld - .

Eit stort og aukande arbeidspress, meinar Rolv var årsaka til at han hamna i dette uføret - etter "drar du den, så drar du den"-syndromet, ei manglande evne

til å seie nei når oppdrag og oppgåver melder seg og tårnar

guvernør Oddbjørn Øien og ass.
guvernør Rolf Klock.
Vi hadde dessutan besøk av
observatør Anne-Marit
Sønderland.
Vi starta med mat og kaffe.
Komiteen hadde laga til deilig
spekemat. Etter maten starta
Oddbjørn med eit musikalsk
innslag på trumpet , "What a
wonderful world". Så var det
kveldens hovedpost der Oddbjørn

med stort engasjement starta med
å fortelje om seg sjølv og sitt
møte med Rotary i 1972. Ein
aktiv mann med stor familie.
Forutan Rotary var det musikken
som opptok tida hans i tillegg til
friluftsliv. Murerfirmaet sitt
hadde han overlatt til sonen.
Oddbjørn fokuserte på born og at
Rotary her kan vere til, og er til,
stor hjelp. Han fortalte om ei
innsamling av tilsaman 243300



seg opp.

Utgangspunkter er ein høgt oppegåande, energisk resursperson som kjenner seg sterk nok til å makte det meste. Når oppgåver og oppdrag melder seg i hopetal kjennest det ærefullt å bli spurd. Maktar ikkje å sjå si eiga begrensing! Naturleg konsekvens vert at ein ikkje får gjort det ein ville ha gjort. Kjem til kort og opplever maktesløyse, utilsterkkeligkeit og därleg sjølvbilde. Du har hamna i uføret kanskje utan sjølv å vere klar over tilstanden. Vegrar deg for å erkjenne problemet!

Vanskeleg å dele det med andre eller søke hjelp - . Tanken på å kome ut av det på den aller mest dramatiske måten, melder seg.

Rolv poengterer at det er ingen som kan lastast!

Glad og takknemlig for at han kom seg ut av det med liv og helse i behold, har han altså valgt å fortelje om erfaringane sine og såleis løfte ein åtvarande finger til andre ekspansive, energiske personer som kan kome i ei tilsvarende krise. Slike tilfelle er meir vanleg enn det ein er klar over, påpekar Rolv.

Nemnast kan det at Rolv har fortalt om sine dramatiske livserfaringar også i andre fora.

Ref: Jostein S

09.11.2008 – Feiret Brattvåg-dagen 2 dager på forskudd med konsert med Brattvåg Janitsjar søndag 9/11-09

Brattvåg Janitsjar hadde også i år fått med seg komp og lokale artister. Temaet denne gang var "Tilbake til 70-tallet" og vi ble servert "svisker" som Sailing, Killing Me Softly, Midnight Hours, Morning Has Broken, Imagine og mange flere. Foruten oss fra Rotary, var det også ca 250 andre entusiastiske tilhørere som fikk en fin musikkopplevelse.

Ref: Rolf D

11.11.2008 – Brattvåg-dagen / foredrag ved Jan Petter Eide – Avtroppende rådmann i Haram Kommune

Fødselsdager:

Endre Sandnes 8/11

Rolf Haugerud 11/11

Jostein Skjelten 11/11

President Thor G. ønskte velkommen til møte. Han minnte om at det var Brattvåg sin 97. årsdag.

Programmet for kvelden var ved rådmann Jan Petter Eide. Som tidlegare kjent, så skal Jan Petter slutte i Haram kommune, for å bli rådmann i Ørsta kommune. Han har vore rådmann i 21 år i Haram.

Jan Petter tok for seg kva utfordringar Brattvåg har i framtida. Han peika på at Brattvåg var unik, litt annleis, hadde ei soge å fortelje, med konkret startdato.

Brattvåg sitt motto kunne vere: Talent-Teknologi-Toleranse-Kva er kommunen sin utfordring for å bli aktrativ? Det er kreativitet, utvikle gode basistenerester. Som senter for Haram, må Brattvåg vere framtidsretta. Industri og næringsliv må finne Brattvåg interessant og ein god samarbeidspartner.

Kommunen utarbeidde ein strategiplan 1997-99.revidert 2006-2007. Av gode tiltak i desse planane kan nemnast, Studietilbod Haram Vidaregåandeskule, Haram kompetansepark m.fl. I Haram er det nå mange nye innbyggjarar, frå ca. 60 nasjonar. Kva med den aktrative staden? Harmsenteret - Samfjordgården. Haram-senteret med Sjukeheim, omsorgsbustader, kafé, forretningar og kulturhus er unik. Samfjordgården er eit framtidsretta tiltak, som er



realisert av idealistiske brattvågar.
Brattvåg med ein industri som har utvikla seg frå kjellarbedrifter, mellomstor privat eigarskap, til internasjonal industri med internasjonale eigarar .
Dette byr på utfordringar. Vil krevje endringar, etikk, livsstil.



Alle må vere rause.

President Thor takka Jan Petter for eit godt foredrag, og for alle åra han har vore rådmann i Haram.

Karina Rogne og Geir Seth fekk ordet. Dei hadde vore utsendingar på RYLA seminar i Ulsteinvik. Det var 30 deltakrar. I humoristiske vendingar fortalte dei om ei lærerik helg i Ulsteinvik. Det var gode forlesarar og sosiale former. Dei kunne tilrå at andre deltok på seinare RYLA seminar.

President Thor takka for innsatsen, og overleverte boka Småkraftverk av Karl Aakre. .

Ref: *Johan M*

18.11.2008 – Orientering om prosjekt rundt Synnalandsvatnet

President Thor starta med å referere frå distr.guvernør Oddbjørn Øien sitt brev etter besøket i klubben. Han utrykte i hovudsak åtgaum for klubben sine generelle aktiviteter, men sette også sørklys på aktuelle saker som vi burde gripe fatt i, eksempelvis ymse målsettingar som bør fylgjast opp.

Møteprogrammet denne kvelden var ved våre gode medlemar Njål Remmereit og Arne Tande, og hadde tittelen Turvegen rundt Synnalandsvatnet. Historie og famdrift.

Dette er eit makelaust prosjekt som er utført tidlegare iår og som desse to karane på ein mesterleg måte har fronta, frå initiativ og plan til finansiering og gjennomføring. Dette er ein vegtrase som er blitt utgraven/grovpreperert på austsida av Synnalandsvatnet, slik at det no er turveg rundt heile vatnet, til glede for alle som likar å gå tur i vår vakre omkringliggende natur.

Dette er for så vidt eit gamalt ynskje eller draum om ein vil, frå folket i bygda, å få ein gangveg gjennom denne "bukkemarka" som så langt knappast har vore gangandes

for folk.

Njål gjorde alvor av tanken og tok kontakt med grunneigarane på Synnaland.

Der møtte han velvilje, og det heile var igang. Arne kjem til og dei utgjer eit effektivt to-spann.

Finansiering først. Kunne det skaffast kapital? Som så mange ganger før vert næringslivet i bygda kontakta, og sidan menigmann med invitasjon til andelskjøp. Andel a kr.500.-, ein eller

fleire.... Kommunen er også med. Finansiering for første steg er på plass og arbeidet igang.

Robertsen frå Vestre/Ørskog mönstrer med ei megastor gravemaskin, og vegtraseen er ferdig på rekordtid - grovplanert og ferdig i den forstand at den no godt kan brukast til det den er tiltenkt - turveg! Att står grusing og lys. Her manglar det litt på vidare finansiering, men planane er klare og dette kjem nok i sin tur.

I samanhengen var ein også innom historia og tilblivelsen av vegen på andre sida av vatnet, frå omkring 70-talet. Då vart den gamle s.k. "dalevegen" skøytt på innover langs vatnet, og i same slengen grovplanert ein gangsti oppover til Gjersetvatnet, pluss eit stykke til.

Her var det ski-interesse med basis i skiglade nordmøringar på Hydraulik (no Rolls Royce) som var pådrivar. Hydraulik, Synnaland med Lars Årsund i spissen og kommunen v/teknisk etat stod føre på ymse vis og fekk dette realisert - den gongen.

Så gir vi altså desse to pådrivarane, Njål og Arne, litt tid, og elles set vår lit til lagnad og omstende, vil dette prisverdige tiltaket etter kvart stå ferdig - med grus, lys og det som skal til, for bruk sommer såvel som vinter....

Honnør til Njål og Arne!

Ref: *Jostein S*

25.11.2008 – Korkonsert i

Brattvåg Kirke m/Geirr Lystrup og Brattvågkoret

Møtet denne kvelden var lagt til Brattvåg Kyrkje i samband med Geirr Lystrup si juleforteljing/konsert "Stjerna fra Øst", i framifrå samklang med BrattvågKoret, og ikkje minst Moskva Balalaika Quartet, ein russisk quartett med tre strengeinstrument og trekkspel. Fabelen eller forteljinga, skiven av Geirr Lystrup, baserte seg på juleevangeliet og fortalte om "Jomfru Maja på taigaen", om Jesu fødsel, om flukt frå den vonde kongen, om vandring gjennom barskt landskap med både snø og kulde.

Lystrup las og song med akkompangnemang av balalaikakvartetten og russiske folketonar, og BrattvågKoret. Vakker song også av solist Heidi Bjermeland Håker.

Ei fullsett kyrkje kunne glede seg over og nyte ei vakker og stemningsfull forestilling.

Ref: *Jostein S*

02.12.2008 – Arne Vågnes:

"Musikkaften / Ønskekonsert"

Fødselsdager: Oddmund Dalhaug 23/11

President Thor gjorde kjent Henry Rotlid, Fræna Rotary Klubb, sitt guvernør-kandidatur for 2011-2012, og at det elles stod åpe for andre kandidatar....

Elles var det Arne Vågnes som hadde programmet som han kalla "ønskekonsert".

Men meir var det vel ein konkurranse om kunnskap innan





variert musikk, spørsmål i relativt vid forstand - om namn, utøver, sjanger, geografi osv., knytt til musikk som Arne spelte på medbrakt anlegg, i alt sju sekvensar, som åpna med ein kjent svensk pianist, Jan Johanson. Konkurranse mellom fire "bord". Lapp med spørsmål A,B,C og D utdelt etter kvar sekvens. Vi var innom Beatles, Billie Holiday, Elvis, Andrea Borcelli og Wiener Symfonikerne med "Stille Nacht" og tenorane Doningo og Carreras pluss Diana Ross. Fint møteprogram med vakker musikk og spennande konkurranse, med trøstante beskjed fra Arne at vi ikkje skulle ta det tungt om vi ikkje kunne svare på alt..... Det var nok ein inrømmelse om antatt vanskelighetsgrad.

Avslutningsvis helsa Thorleif frå Jerusalem som han nylig hadde vitja saman med to andre klubbmedlemer, pluss koner. Hatt spennande og interessant kontakt med rotarianarar frå Romania og frå Røa, Oslo. Fått heimelaga plommevin frå Romania og vimpel frå Røa! Med rotarymerket på jakkeslaget kan ein oppleve så mangt.....

Ref: Jostein S

09.12.2008 – Norsk fiskeri v/Vidar Klokk

Vidar Klokk var kvelden sin foredragshaldar. Emne var fiskeria på Sunnmøre, og Haram



spesielt.

Vidar Klokk starta sin yrkeskareire som halvluting om bord i Koralen i 1976. Han fann ut at han måtte ha meir teori og tok eitt år på Fiskarfagskulen på Aukra. Vidar dreiv nå sjøen i nokre år. Han var heldig og kom i kontakt med flinke folk. Han var derfor godt rusta til å skaffe seg eigen båt Norøytrål. Med Norøytrål gjekk fiskeriet godt, men for eitt år sidan tykte Vidar at det vart formange restriksjonar, og for stor risiko til å forsette. Han selde båten og fiskerkvota og vart landkrabbe. Vidar Klokk meinte at Sunnmørskysten frå Herøy til Steinshamn var mange dyktige folk "fiskeribønder". Området var velsigna med bra jord.

Kombinasjonen jordbruk/fiske gav levebrød og sjansar til framgang og utvikling av fiskebåtar og utstyr. Vidar sa at "Spansketida" dvs. at spanjolane kom og kjøpte fisk direkte var ein fordel for ovanemde område.

Ein føregangsmann, Martinus Fjørtoft tok til med tråling i 1927 med ein relativ liten båt. Det vart eit populært fiske på Fjørtoft. På det meste var det 22 tråleløve. Fisket gjekk føre seg på Mørekysten. Fisken var mest halvstor sei – "Skallesei" Fisket minka vekk. Fisket etter torsk i Nornorge hadde vore forsømt. Med dei nye fiskerireglane, så fekk ikkje båtane frå Fjørtoft kvoter til å fiske torsk i Nordnorge, og grunnlaget for desse båtane var vekk. Fiskeria hadde skapt grunnlag for utstyr og båtbygging På Fjørtoft; trålverkstad, mekanisk verkstad med meir. I Brattvåg; Hydraulik, Hildre fiskevegnfabrikk, Skipsinredning. Hos Brødr.Rogne fekk ein reparert det meste. Vidar nemnde spesielt Per Rogne som var ein framifrå god fagmann. Båtane har hatt ei stor utvikling. Remegg hadde maskin på 300 HK. i 1950 åra. Norøy-trål hadde 5000 HK. og ei 6 gongar større trål. I 1945 var det 145000 fiskarar og 12000 båtar. I dag er det 30000 fiskarar og 8000 båtar. Fangstkapasiteten er i dag veldig stor og er regulert med kvoter. Storleiken på kvotene har auka med 2 til 3 gongar sidan 1980.

Vidar kom også inn på ulikskapen til å kunne kjøpe seg båtar og kvoter. I Nornorge kan ein kjøpe seg båtar/kvoter frå



heile landet, mens ein sunnmøring må halde seg til Sør-Noreg
I dag er det på lager 400 tonn torsk, som ingen vil kjøpe på grunn av for høge priser og problem med den mykje omtala finanskrisa. Vidar meinte at her må nokon ta eit større tap.
Det var høve å stille spørsmål. Presidenten takka Vidar Klokk for eit interessant foredrag og overrekte han eit eksemplar av boka til Kalle Kraft Småkraftverk.

Ref: Johan M

16.12.2008 – Presidentens møte / Juleavslutning

Fødselsdager: Thorleif Marken

16/12

Medlemene vart møtt med ”gløgg” og småkaker. Presidenten ønskete alle velkomne til julemøte. Thorleif Marken vart gratulert med fødseldag Rolf Haugerud hadde 3.minutt. Han opna med eit sitat frå Sunnmørsposten. ” Ingen ting er ei skandale før nokon tek til å snakke om det” Rolf siterte frå Bærum Budstikke om ei sak der det skulle oppsetjast eit monument på Svartskjeret. Det vart valt ei nemnd på sju , av bygdas” brave mend”. Det var stilt midlar til realiseringa av kunststykket. Nemnda drog til København på studietur. Turen var kostbar kr. 60000,- som vart brukt til god mat og drikke. Dette har skapt bølgjer i Bærum. Ein kan kanskje snakke om ein trend i tida?

Det var presidenten sitt møte. President Thor Grønmyr summerte opp det han hadde opplevt i første halvår som president. Tor har møtt, og blitt kjent med, mange interessante mennesker, mellom anna frå presidentseminar på Oppdal. Thor viste til eit reisebrev frå Tau-Vietnam, av Erik Sandnes frå 11.11.08. Han bad medlemene gå inn på rotary sin internettseite og lese brevet. Presidenten nemnde programma på møta i

første halvåret, og han var godt nøgd med kvaliteten. Elles har klubben vore på besøk hos Nogva Motorfabrikk i Søvik. Diverse arbeid på Brattholmen. Det har vore halde 2.styremøter.

Etter presentasjonen av aktivitetane i første halvår av rotaryåret 2008/2009 kunne presidenten opplyse at klubben hadde fått ein ny medlem. Han kalla fram Anne Marit Sønderland, og ønskete henne velkommen som medlem i Brattvåg Rotaryklubb. Anne Marit kviterte med at ho hadde møtt i klubben nokre gongar, og ho hadde likt seg godt. Ho var klar til å gjere ein innsats for klubben. Det nye medlemmet fekk stor applaus . Presidenten slutta møtet med ønskje om ei god jul.

Ref: Johan M



23.12.2008 – Møtefri

30.12.2008 – Møtefri